

Kollevågen

FRÅ BOSSFYLLING TIL FRILUFTSOMRÅDE

Frå 1938 til 1975 vart det fylt store mengder boss i KOLLEVÅGEN. Ein god del av bossset frå Bergen by hamna her. Fyllinga var opptil 20 meter høg, og mykje vart dumpa under vatn i vågen. Då fyllinga vart nedlagd, var tida komen for å realisera eit kommune-styrevedtak om å gjera staden til friluftsområde. I 1978 vart det lagt not og jord over fyllinga, og sidan sådd til. Det var svært vellukka, og i 1983 vart friluftsområdet opna.



Helge Sunde

Ei tildekking av ei gammal bossfylling – ingen veit heilt kva som løyner seg her – er inga enkel løysning. Bølgjene har i ettertid vaska fram att noko av bossset. Sedimenta på sjøbotnen inneheld òg miljøgifter, og lokalt er fisk og skjel ureina. Sjølv om området no blir nytta til bading, er det heilt klart trong for nye og kostbare tiltak for å betra tilhøva.

Det finst for høge verdiar av fleire miljøgifter i fjordsystema kring Bergen i dag. Det er derfor ikkje lov å omsetja enkelte fiske-slag som er fanga i dei mest utsette farvatna. Gamle miljøsynder ved tidlegare fyllingar i Bergensområdet er ei viktig årsak til dette. Nye undersøkingar ved Kollevågen har synt at giftstoffa ikkje spreier seg langt. Likevel er det viktig å utbetra tilhøva også her. Det er mogleg å «reparera» Kollevågen, men det blir dyrt. Eit overslag frå 1999 er på om lag 30 millionar kroner. Bergen og Omland Friluftsråd, som driv friluftsområdet, reknar Kollevågen som eit av dei flottaste friluftsområda i regionen i dag, men målet er å forbetra det endå meir.

Avfallsplassen i Kollevågen, 1971. (Birkbaug og Omdal)



MILJØGIFTER

Fleire av miljøgiftene som finst i gamle bossdeponi, er forbodne i Noreg i dag. Det dreiar seg mellom anna om PCB (forbode sidan 1980; PCB frå industrien skal i dag eksporterast for destruksjon) og DDT (sterkt avgrensa i bruk sidan 1969, all bruk i Noreg stansa frå 1985). Det kjem òg ein del PAH (polysykliske aromatiske hydrokarbon) frå gamle fyllingar. PAH er kreftframkallande og svært giftig. I PAH-påverka fjordsystem er det ofte restriksjonar på inntak av mellom anna skaldyr. Alle slike miljøgifter blir seint nedbrotne i naturen.



GRANITGNEIS FRÅ HANØY

På Kong Olav Vs plass i Bergen er det stein frå HANØY. Saman med simagranitt frå Eidfjord pryder han bygolvet rundt Den blå steinen. Det er ein grå og svakt rosa granittisk gneis som er broten til representativt gatedekke i Bergen.

Steinarbeidarane i Askøy har solide tradisjonar å byggja på. Rundt 1920 utgjorde dei sju prosent av alle yrkesaktive på øya. Lokal stein har askøyværingane alltid gjort nytte av, til bygningar, steingjerde og kaiar. Det finst minst tretten gneisbrot på øya, dei fleste i Hanøy- og Kollevågområda. Fleire tusen kubikkmeter stein er tekne ut i desse brota, det meste i byrjinga av 1900-talet.

Som elles i grunnfjellsområdet er gneisen mellom Hanøy og Kollevågen vorten til ved samanpressing og utvalsing av grunnfjellet under den kaledonske fjellkjededanninga. Gneisen fekk då ei lagdeling som gjer han veileigna til bygningsstein.



Steinbrotet i Kollevågen, 1922. Steinen berfrå vart nytta mellom anna til kaiutvidinga i Vågen, Bergen. (Bergen Havnevesen)